



## Høyringsinnspeil – lokal forkrift bygg- og anleggsteknikk og skiskyting ved Stryn vgs

Viser høyringsbrev datert 16. mai 2018, dykkar referanse 18/6336-1.

Utdanningsforbundet Sogn og Fjordane meiner det er svært positivt legg til rette for at det skal vere mogeleg for elevar å kombinere eit yrkesfagleg utdanningsløp og ei toppidrettssatsing, slik det er gjort gjennom forslaget til lokal forskrift. Idrettssatsingar har i vidaregåande tradisjonelt vore kobla til studiekompetanse, og slik vi ser det er det eit gode for elevane og for statusen til yrkesfaga at ein får eit alternativ der elevane kan satse innan idrett og samstundes få fagbrev. Vi er derfor positive til at ein nyttar mogelegheita til fleksibilitet i fag- og timefordelinga for å få til dette.

Sidan det slik vi forstår forskriftsteksten er lagt opp til ei endring i fag- og timefordelinga for alle elevar som vel BA ved Stryn vgs, ikkje berre dei som vil vere knytt til landslina i skiskyting, meiner vi det er viktig at elevane før dei søker til vg1 er godt informert om konsekvensane ei anna fag- og timefordeling i fellesfaga kan ha ved byte av skule mellom vg1 og vg2, jf. forskrifta §6.

I fag- og timefordelinga skissert i §4 er samfunnsfag (2SAM3) lagt til år 4. År 4 vil skuletilknytninga vere svak, og vi meiner derfor at det både for det faglege utbyttet og for gjennomføringa i faget ville vere ei betre løysing om det var mogeleg å legge 2SAM3 til år 3 i staden.

Med helsing

Hilde Kvamsås Aa og Jasmin Eminovic  
HTV-F, Utdanningsforbundet